

Samferdsle

Venstre vil arbeide for å utbetre det lokale vegnettet med fokus på sikkerheit. Særleg vil vi prioritera bygging av sykkel- og fotgjengarfelt på skulevegar og bustadområde der det ferdest born.

Venstre vil arbeide for at nytt samband mellom Sotra og fastlandet skal kome så snart det let seg gjere. Venstre vil også arbeide og argumentere for at det nye sambandet skal gå i tunnel sør på Sotra.

Dette meiner vi fordi:

- * det er det mest framtidretta alternativet
- * det gir bebuarane i regionen eit alternativ
- * det styrkar beredskapen
- * det vil unngå at all trafikk frå regionen vert slusa gjennom eit allereie hardt belasta område for så å møte den aukande trafikken frå Askøy. Vi er redd for at dette vil skapa nye problem
- * det fører mykje trafikk utanom Bergen og reduserer dermed forureininga der
- * det kan gi Bergen, som allereie har arealproblem, ein avlastning og føre til ekspansjon på søre Sotra

Som strakstiltak for å betre på dei trafikkale problema inntil nytt fastlandssamband vert etablert, vil vi gå inn for eit utvida og billigare busstilbod mellom Sotra/Øygarden og Bergen. I rushtida meiner vi også at eit tilbod om gratis buss til Bergen må vurderast.

Andre strakstiltak som vi vil gå inn for er bygging av gang- og sykkelveg over Sotrabrua.

Venstre vil også gå inn for at det så snart det let seg gjere, vert bygd eit Park & Ride-anlegg på Straume der bilistar kan parkere for å ta bussen til Bergen.

Venstre ynskjer også ei marknadsundersøking kor vidt ei hurtigbåtrute kan avhjelpe køproblema i rushtrafikken.

På sikt ynskjer vi å byggje ut Sotrabrua slik at det vert plass for bybane til Straume.

Din kandidat i Fjell Tore Magne Turøy



Tore Magne Turøy er 55 år og dagleg leiar i Sotra Takstol på Ågotnes. Han er frå Turøyna, men bur på Søre Bildøyna. Tore er veldig oppteken av at alle unge skal ha gode tilbod i kommunen. Nytt fastlandssamband er ei viktig sak, og Tore vil velja det framtidretta alternativet i sør. Det vil bidra til at Fjell vert ein moderne, miljøvenleg kommune der både gamle og unge føler seg heime. Som Venstre-politikar vil Tore vere ombod for veljarane og lytta til dei.

2. David Ekerhovd Antonsen (1980), Ekrhovda

3. Birgitte Hjertås (1964), Straume

4. Odd Ivar Ølnes (1947), Bjørøyna

5. Sigrun Bjørøy (1987), Ågotnes

6. Per Svein Dufva (1948), Straume

7. Eli Sissel Kallekleiv (1950), Hjelteryggen

8. Egil Landro (1944), Landro

9. Bergliot Åshild Myrtveit (1935), Straume

10. Atle Gunnar Algrøy (1956), Eide

11. Torbjørn Lie (1960), Kleivane

12. Kari Vatne (1944), Straume

13. Asbjørn Guttorm Myklebust (1973), Straume

14. Bjørn Henning Østenstad (1970), Kolltveit

15. Kirsten Marie Lie (1933), Fjell

16. Jarle Jon Turøy (1949), Solsvik



venstre

hordaland@venstre.no
fjell.venstre.no



venstre



**Stem Venstre -
eit framtidretta vall**

**Fjell Venstre -
kommunevalet 2007**

Ei framtidretta styring

Fjell har, etter at Sotrabrua kom i 1972, hatt ei rivande utvikling. Folketalet har i dei siste 35 åra, tredobla seg og har no passert 20 000. Også i åra framover er det venta ein sterk vekst. Dersom prognosane slår til, kan folketalet verte fordobla til 40 000 i løpet av dei neste 25 åra. Saman med grannekommunane i sør og nord kan folketalet i regionen passere 60 000 allereie i 2030.

I dette perspektivet er det lett å forstå at vi vil få mange og utfordrande oppgåver i åra som kjem.

Venstre vil gjerne vere med å prege politikken som skal utøvast for at kommunen og regionen skal utvikla seg til beste for dei som skal bu her. Venstre kan også tenkje seg å innleia samtalar med grannekommunane i sør og nord for å høyre kva Fjell kan gjere for at det kan verte interessant å slå saman kommunane.

Bustadbygging

Venstre vil arbeide for at veksten som vil kome, i større grad også skal kome dei eksisterande grendene og bustadområda til gode. Utbygging av infrastrukturen i utkantane skal prioriterast slik at det vert lettare å busette seg der.

Vi vil også at regelverket kring bygging i strandsona vert praktisert på ein slik måte at det også er mogeleg å byggja i 100-metersbeltet i område der det er busetnad frå før, og der det elles er naturleg. Samstundes vil vi at 100-metersregelen skal handhevast slik at allmogen har fri tilgang.

Venstre innser at også nye bustadområde må kome og at vi må godta ei viss fortetting enkelte stader. Men vi vil at infrastrukturen, og ikkje minst skulebygg skal vere ferdig planlagt og finansiert før ein tillet omfattande utbygging. Dette for å unngå naudløysningar som eksempelvis brakkeriggjar til skulebygg.

Kultur

Fjell kommune skal ha ein inkluderande kulturprofil kor alle har rett til å delta med likeverd i eit mangfaldig kulturliv.

Det må leggjast til rette for eit breitt kultur-, idretts- og friluftsliv. Lag, organisasjonar og andre

som driv frivillig arbeid må få gode arbeidsvilkår.

Kommunen skal leggja til rette for at alle funksjonshemma kan nytte kulturtilbodet i kommunen. Det bør vere teleslynge i alle offentlege bygg og lokale som vert brukt som samlingsplassar.

Det må tilsetjast ungdomsarbeidarar som førebyggjande tiltak mot rusmisbruk og kriminalitet.

Kulturarven er viktig for vårt lokale særpreg, miljøet og oppleving av å høyre til ein stad. Vi vil verne om natur- og friluftsområde og ta vare på kystkulturen.

Sjø- og båtliv er viktig for trivsel og næring. Kommunale planar må sikre tilkomst til sjø og båtplassar. Venstre ynskjer også at kommunen skal leggje til rette for at fleire område i strandsona vert gjort meir attraktiv som friområde.

Kommunen har eit særleg ansvar for å ta vare på kulturminne. Det gjeld også kartlegging, merking og offentleggjing av eldre og nyare funn.

La grendene leve!

Venstre vil at Fjell skal være ein god kommune å bu i. Saman skal vi gjere kommunen attraktiv for ungdom og ønskje velkomen dei som vil etablere seg her.

Vi skal stø frivillig arbeid både i grendene og i samfunnet generelt og arbeide for at også dei som ikkje driv organisert fritidsaktivitet får eit tilbod.

Folk som må flykta frå heimlandet sitt må også i framtida kjenne seg velkomne i Fjell. Det har synt seg å vere til glede og vekst for alle.

Sosialt ansvar

Dei som treng pleie og omsorg skal behandlast med respekt og verdigheit. Vi treng avlastingsplassar slik at dei som tek ansvar for sine pleietrengande kan få pusterom. Venstre meiner at kommunen må satse på bygging av både faste og avlastingsplassar i takt med det aukande behovet som vi veit vil kome.

Alle borgarar må få bu heime så lenge dei ønskjer, og ha lovfesta rett til heimhjelp. Førbyggjande helsearbeid er ei investering i framtida. Venstre vil styrke innsatsen mot rusmisbruk og gjere psykisk helsevern til eit satsingsområde.

Ein skule for kunnskap og like mogelegheiter

Vi trur det er bra for born å gå på skule der dei bur. Venstre ønskjer difor å opprett-halde noverande skulestruktur i utkantane. Born og foreldre må kjenne seg trygge på at kringsgrensar ikkje vert endra tilfeldig. Det er difor viktig at det vert lagt til rette for at unge familiar kan etablere seg i grendene slik tilfanget til skulane vert styrka.

Vi ynskjer også at skulane skal få det vedlikehald som er naudsynt for at elevane og dei som har arbeidsplassen sin der, skal trivast.

Der det trengst, vil vi at skulane også kan nyttast til allaktivitetshus for dei lokale bebuarane.

Vi vil også at eksisterande og nye skular som vert bygd, skal leggjast tilrette med tanke på fleirbruk

Skular og barnehagar bør i størst mogeleg grad vere sjølvstyrte, og foreldra SKAL ha reell medråderett.

Ungdomsskulen skal heile tida vere oppdatert med gode læremidlar og godt arbeidsmiljø for både tilsette og elevlar.

Venstre meiner motiverte lærar er nøkkelen til ein god skule. Vi meiner også at skulen treng best mogeleg kvalifiserte lærarar og at dei minst skal ha 20 studiepoeng for å undervisa på ungdomstrinnet. Difor går venstre inn for at lærarane våre får eit friår til eigen fagleg utvikling etter mange års arbeid i skulen.

Samarbeid mellom skule og lokalt næringsliv må styrkast.

Fjell skal alltid ha full barnehagedekning.

Næringsutvikling

Venstre vil leggje til rette for at det eksisterande næringslivet skal få gode vilkår til å utvikle seg. Vi ynskjer også å leggje til rette for at ny verksemd skal få etablere seg i kommunen

Venstre vil også gå inn for å samarbeide meir med grannekommunane i nord og sør om å få større prosjekt til regionen og meiner det er ein meir framtidretta politikk å sjå heile regionen under eitt. I mange tilfelle verkar kommunegrensene som kunstige barrierar som etter vår meining ikkje bør vere der.



venstre